

Innkalling til møte i Styringsgruppen for lektorutdanningen Møte 5 2022

Tidspunkt: 15. desember 2022, kl. 09.00-10.45

Møtested: Museplass 1, møterom 2

Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra møtet 13. oktober 2022

Protokollen er sendt ut.

Vedtaksaker

Sak 37/22 Redesign av lektorutdanninga ved UiB

Notat fra lektorsenteret

Sak 38/22 Møteplan vår 2023

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssaker

Sak 39/22 Justering i studieplasser for lektorutdanningen

Notat fra lektorsenteret

Vedtaksaker

Sak 40/22 Budsjett 2023

Notat fra lektorsenteret

Sak 41/22 Eventuelt

Sak 37/22 Redesign av lektorutdanninga ved UiB

Notat fra lektorsenteret

Vedtaks sak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 15. desember 2022

ephorte: 22/890

Rapport 2 (2022) frå prosjektgruppe for redesign av lektorutdanninga - Modellar for lektorutdanninga ved UiB

Bakgrunn

Arbeidet med å redesigne lektorutdanninga ved UiB er initiert av styringsgruppa for lektorutdanninga i møtet 27. april 2021 (sak 14/21), og vart stadfesta av universitetsstyret gjennom saka om organisering av lektorutdanninga ved UiB 17. juni 2021 (sak 76/21). Målet er å få ein lektorutdanningsmodell som kan gi ei betre innplassering av praksis, og som kan styrkje samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfg, fagdidaktikk og pedagogikk. Det er eit mål at UiB på den måten får eit meir heilskapleg studieløp med einskapleg praksisavvikling, og at dei faglege, logistiske og organisatoriske problema knytte til det eksisterande studiedesignet blir løyste.

Styringsgruppa presiserer at redesignarbeidet skal leggje vekt på vurderingane i rapporten til Sejersted-utvalet datert 13. september 2018, og legg med det nokre føringar for arbeidet knytt til ønske om einskapleg praksisavvikling, reduksjon i talet på praksisvariantar, innføring av profesjonsfagleg semester og praksis som del av dei profesjonsfaglege emna.

I styringsgruppa sitt vedtak om redesign av 27.04.2021 er det lista opp sju kulepunkt som skal spesifisere arbeidet:

- Det blir sett i gang ein prosess for å redesigna lektorutdanninga ved UiB.
- Dei overordna måla må vera å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisninga i disiplinfg, didaktikk og pedagogikk.
- Redesignprosessen må organiserast slik at han føregår på eit overordna og felles nivå og på fakultetsnivået på éin og same gang og må ha ei klar forankring både sentralt og lokalt ved fakulteta, fagleg så vel som administrativt.
- Prosessen bør organiserast som eit prosjekt med ein utpeikt prosjektansvarleg som har dei naudsynte ressursane til å gjennomføra prosjektet
- Prosjektansvarleg arbeider i nær tilknytning til lektorutdanningsprogramma og rapporterer til styringsgruppa.
- Prosjektet må organiserast i tilknytning til det pågåande arbeidet med å etablere eit lektorsenter på UiB, og sjåast i samheng med dei faglege funksjonane som skal plasserast der – fagdirektør og fagleg praksiskoordinator.
- Målet er at ein ny modell må vera klar til semesterstart 2022.
Det vart tidleg i prosessen klart at å innføre ein ny modell hausten 2022, var urealistisk å få til, og hausten 2023 kom inn som ny frist. I løpet av våren 2022 vart det formulert behov for ein lengre prosessperiode, primært etter innspel frå Det humanistiske fakultet og Det matematisk-naturvitskaplege fakultet. Det gjorde at styringsgruppa 7. april 2022 vedtok å forskyve implementering av ny modell til lektorutdanninga til hausten 2024. Såleis må kulepunkt nummer 7 justerast til følgjande formulering: Målet er at ein ny modell må vera klar til semesterstart 2024.

I styringsgruppemøtet den 09.07.2021 (sak 30/21) blir professor Endre Brunstad beden om å leie arbeidet med redesign. I saksgrunnlaget for vedtaket føreset styringsgruppa at prosessen vil ta utgangspunkt i saksførelegg for sak 14/21 og tidlegare relevante rapportar, at prosessen involverer alle berørte einingar og miljø, at gjennomføringa skjer i samråd med UiB læringslab, og at programrådet blir halde løpande orientert.

Prosjektorganisasjon

Professor Endre Brunstad vart frå og med hausten 2021 engasjert som prosjektansvarleg for redesignarbeidet, samtidig som han vart konstituert leiar for etableringa av lektorsenteret ved UiB. Hausten 2021 kom det fagleg bistand frå UiB Læringslab ved førsteamanuensis Cecilie Boge og administrativ støtte frå studieavdelinga ved rådgivar Iren Igesund. Våren 2022 vart leiar for programrådet for lektorutdanning, førsteamanuensis Hans Marius Hansteen, kopla tettare på prosessen. Seinare på våren 2022 kom den nyttilsette seksjonssjefen for lektorsenteret, Ranveig Lote, inn.

Programrådet for lektorutdanning fekk hausten 2021 i oppgåve å vere referansegruppe for prosjektet, dvs. å gi innspel på innhald, framlegg og form på prosessen. Parallelt vart det arrangert ulike orienteringsmøte og seminar der fokuset var på informasjon og innspel i den vidare prosessen. Sidan programrådet sin funksjonsperiode gjekk ut våren 2022, vart prosjektorganiseringa justert. Prosjektet hadde då kome forbi den generelle informasjon- og innspelfasen, og det var behov for å etablere ei prosjektgruppe med eit tydelegare mandat og ei meir aktiv rolle i prosessen.

Samansetjing av prosjektgruppa for redesignprosjektet:

- Prosjektleiar: Endre Brunstad, professor, lektorsenteret
- Jorun Nyléhn, førsteamanuensis, MN-fakultetet
- Marianne Jensen, seniorkonsulent, MN-fakultetet
- Sigrid Ørevik, førsteamanuensis, IF
- Frode Helmich Pedersen, professor, LLE
- Sissel Undheim, professor, AHKR
- Katharina Sass, førsteamanuensis, Sosiologisk institutt
- Lars Petter Torjussen, førsteamanuensis, lped
- Cecilie Boge, førsteamanuensis, UiB Læringslab
- Sigrid Thorsen Baarnes, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet i nordisk)
- Katrine Aske, studentrepresentant, FIL (lektorprogrammet ved MN)

I denne gruppa er det representasjon frå kvart av dei fem lektorprogramma, i tillegg er det representasjon frå det pedagogiske miljøet, frå UiB læringslab og frå studentane (FIL). Ranveig Lote (lektorsenteret) og Iren Igesund (Studieavdelinga) utgjer sekretariat for prosjektgruppa.

Prosjektgruppa har fått følgjande mandat:

Prosjektgruppa for redesign av lektorutdanninga ved UiB skal utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga, og bidra i arbeidet med programkart og læringsutbyttebeskrivingar for lektorutdanninga.

Arbeidet til prosjektgruppa skal følgje opp styringsgruppa sitt vedtak 27.04.2021 om redesign, der dei overordna måla er «å få til ei betre innplassering av praksis og å styrkja samanhengen mellom praksis og undervisinga i disiplinfag, didaktikk og pedagogikk».

Arbeidet skal vidare byggje på universitetsstyret sitt vedtak om organisering av lektorutdanninga ved UiB, datert 17.06 2021, og UiB-rapporten Arbeidsgruppe – struktur og økonomi i lektorutdanninga, datert 13.09.2018.

Føringar for arbeidet:

- lektorutdanninga med fem ulike program skal ha eit heilskapleg studieløp med mest mogleg einskapleg form
- lektorutdanninga skal ha ei einskapleg praksisavvikling
- talet på praksisvariantar blir redusert
- praksis kan inngå som ein del av emna i fagdidaktikk og pedagogikk
- det blir innført profesjonsfagleg semester

- det er underforstått at framlegg frå prosjektgruppa er i samsvar med rammeplan for lektorutdanning 8–13.
- utarbeide framlegg til modell for lektorutdanninga
- leggje til rette for konsekvensutgreiing av alternative modellar undervegs i arbeidet
- føreslå programkart for lektorprogramma
- koordinere innspel frå ulike miljø
- bidra i arbeidet med læringsutbyttebeskrivingar og kjenneteikn på læringsutbytte

Prosjektgruppa blir leidd av prosjektleiaren for redesignprosjektet, som rapporterer til styringsgruppa for lektorutdanning.

Tidsperiode for arbeidet: 01.08.22 til 31.07.2023. Hausten 2022 skal prosjektgruppa fokusere på arbeidet med modell for lektorutdanninga, medan våren 2023 er planen at prosjektgruppa skal fokusere på programkart og innhaldet i utdanninga. Forslag til modell for lektorutdanninga skal utarbeidast innan 17.10.22.

Prosjektgruppa har til no hatt åtte møter, 27.06.22, 31.08.22, 14.09.22, 28.09.22, 17.10.22, 21.10.22, 30.11.22, 06.12.22.

Rapportar frå prosjektgruppa

På bakgrunn av arbeidet i prosjektgruppa hausten 2022, er det blitt utarbeida to rapportar.

Den første rapporten heiter *Redesign av lektorutdanninga ved UiB: Modell-utkast* (Rapport 1 2022). Den blei sendt på ei innspelsrunde til alle involverte miljø den 25.10.22. I rapporten har prosjektgruppa utarbeidd tilråding om korleis praksisdagar bør fordelast i studieløpet. Den tilrådinga går inn som grunnlag for drøftingane av korleis emna i profesjonsfag og disiplinfag skal fordelast, og for dei ulike modellutkasta som er med i rapporten. I rapporten var det formulert konkrete spørsmål som ein bad om tilbakemelding på i innspelsrunden. Det kom 25 innspel.

Målet med innspelsrunden var å få både eit breiare og meir detaljert kunnskapsgrunnlag for val av modell for lektorutdanninga, slik at prosjektgruppa og lektorsenteret i neste omgang kunne gi tilråding og saksdokument til styringsgruppa om modellval og vidare arbeid med redesign.

I rapport 2 gir prosjektgruppa for redesign sine vurderingar og tilrådingar for ein ny modell for lektorutdanninga ved Universitetet i Bergen. I rapporten blir innspela, som kom i innspelsrunden, presenterte og drøfta. Vidare inneheld rapporten konsekvensanalysar av ulike modellframlegg, bl.a. med informasjon om kollisjonsmatriser. Til slutt inneheld rapporten tilrådingar om modell. Denne rapporten byggjer på prosjektgruppa sin tidlegare rapport frå 25.10.22 (Rapport 1 2022). Det må understrekast at Rapport 1 (2022) og Rapport 2 (2022) må sjåast i samanheng, og at sistnemnte rapport byggjer på dei premissane og utgreiinga som ligg føre i Rapport 1.

Tilråding frå prosjektgruppa

Prosjektgruppa tilrår at den fordelinga av praksisdagar og profesjonsemne som er føreslått i del 3 i rapport 2, dannar utgangspunkt for ein ny studiemodell for lektorutdanninga ved UiB. Slik prosjektgruppa ser det, tilfredsstillar denne modellen dei føringane som er gitt i vedtak om redesignprosessen i styringsgruppa for lektorutdanning ved UiB 27. april 2021, og føringane i det mandatet som prosjektgruppa har arbeidd etter.

Prosjektgruppa har utarbeidd framlegg til modell for lektorutdanninga ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet, som blir tilrådd. Prosjektgruppa tilrår vidare at modell A i rapport

2, den såkalla *fellesmodellen*, dannar utgangspunkt for ei ny studiemodell for lektorutdanninga ved Det humanistiske fakultet og Det samfunnsvitskaplege fakultet.

Prosjektgruppa har vurdert spørsmålet om ein modell der ex.phil. er plassert i første semester, men kan ikkje sjå grunnlag for å tilrå ein slik modell, ut frå dei grunnane som det er gjort greie for i rapporten.

Tilråding frå felles programstyre

Felles programstyre for lektorutdanninga gjorde i møte 8. desember 2022 følgjande vedtak om kva ein vil tilrå av modellane som prosjektgruppa hadde lagt fram:

Programstyret støttar framlegg til ny modell for praksisavvikling og fordeling av profesjonsemne i lektorutdanninga. Programstyret støttar vidare framlegg til modell for MN-fakultetet, slik den er presentert i saksførelegget, og modell A for HF/SV-fakultetet, den såkalla fellesmodellen, som programstyret ser på som ei klar forbetring. Programstyret meiner at dei andre modellane ikkje er tilfredsstillande.

Vedtaket i programstyret var samrøystes.

Vurdering av tilråding frå prosjektgruppa

Det har kome ei eintydig innstilling frå prosjektgruppa, som også er støtta av programstyret. Samtidig har leiinga ved HF-fakultetet og universitetsleiinga gitt innspel på at det er sterkt ønskjeleg å halde på ex.phil. i første semester for lektorprogramma ved HF og SV. For at eit vedtak i styringsgruppa skal vere levedyktig, er det viktig å ta omsyn til alle aspekta.

Dette ser ut til å vere uproblematisk når det gjeld tilråding for fordeling av praksissemester og profesjonsemne. Den fordelinga som er føreslått her, svarar på den bestillinga som ligg i styringsgruppa sitt tidlegare vedtak, og har også fått støtte i innspelsrunden. Modell for MN-fakultetet er også uproblematisk.

Når det gjeld tilråding om modell for HF- og SV-fakultetet, er argumentasjonen tydeleg frå prosjektgruppa for modell A. Samtidig er synspunktet tydelig frå fakultetsleiinga ved HF for å behalde ex.phil. i første semester for lektorutdanningane ved HF og SV. Val av modell for lektorutdanninga må ha god forankring hos fakultets- og universitetsleiinga. Dermed fremstår modell D som ei løysing styringsgruppa bør vurdere.

Det må liggje til grunn at studieavdelingen og øvrig sentraladministrasjon støttar lektorutdanningane i det vidare arbeidet med redesign, og at det blir teke omsyn til dei ressursmessige sidene.

Sidan lektorprogramma heng så tett saman, vil det ikkje kunne skje ei endring av praksisfordeling eller av lektorutdanninga ved MN-fakultetet før ein har fått ein modell som òg passar for HF- og SV-fakultetet.

Forslag til vedtak:

Styringsgruppa vedtar modell for fordeling av praksisdager og profesjonsemne slik dei framkjem i Rapport 2 (2022) frå prosjektgruppa for redesign.

Styringsgruppa støttar den føreslegne modellen for lektorutdanning ved Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet.

Når det gjeld modell for HF-fakultetet og SV-fakultetet, vil styringsgruppa formulere eit vedtak på bakgrunn av diskusjonen i møtet.

Sak 38/22 Møteplan vår 2023

Notat fra lektorsenteret

Vedtaks sak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen
Møte: 15. desember 2022

ephorte: 22/890

Forslag til møteplan for vår 2023:

- 8. februar, kl. 13.00 – 15.00
- 3. mai, kl. 12.00 – 14.00

Forslag til vedtak:

Styringsgruppen vedtar forslaget til møteplan for våren 2023.

**Sak 39/22 Justering i studieplasser for
lektorutdanningen**

Notat fra lektorsenteret

Orienteringssak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 15. desember 2022

ephorte: 22/890

Bakgrunn

I Universitetsstyret den 24.11.22, [sak 106/22 Status for studentopptaket 2022 og opptaksrammer 2023](#), fremkom det at UiB må redusere sin totale opptaksramme på 196 plasser fra høsten 2023. Bakgrunnen for dette ligger i regjeringens forslag til statsbudsjett for 2023 og en treårig utfasing av tidligere tildelte studieplasser fra Utdanningsløftet 2020.

Dette innebærer bl.a. at Det humanistiske fakultet (HF) må kutte de 20 studieplassene de fikk tildelt i 2020. Lektorutdanningene ved fakultetet fikk tildelt samtlige 20 plasser da fakultetet mottok plassene, og nå har fakultetet valgt å kutte 16 av disse, mens fire av plassene kuttet på bachelorprogram.

Den praktisk pedagogiske utdanningen (PPU) rammes ikke av disse kuttene og er samtidig inne i en egen nedbyggingsperiode frem mot 2025. jfr. [Sak 39/20 Omgjøring av PPU plasser](#).

Opptaksrammer 2023

Etter kuttene ved HF ser opptaksrammene for 2023 ut som følger:

Fakultet/program/fag	Opptaksramme	
	2022/23	2023/24
Lektorprogram HF	134	118
Lektor, 8.-13. trinn, engelsk	24	24
Lektor, 8.-13. trinn, fransk	4	4
Lektor, 8.-13. trinn, historie	28	28
Lektor, 8.-13. trinn, nordisk	39	29
Lektor, 8.-13. trinn, religionsvitenskap	25	22
Lektor, 8.-13. trinn, spansk	10	7
Lektor, 8.-13. trinn, tysk	4	4
Lektorprogram MN	40	40
Lektor, 8.-13. trinn, naturvit. eller matematikk	40	40
Lektorprogram SV	17	17
Lektor, 8.-13. trinn, sosiologi	17	17
Praktisk- pedagogisk utdanning	143	112

Saken legges frem for styringsgruppen til orientering.

Sak 40/22 Budsjett 2023

Notat fra lektorsenteret

Vedtaks sak

Notat

Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen

Møte: 15. desember 2022

ephorte: 22/890

Dokumenter i saken

- [Budsjett UiB 2023 Universitetsstyresak 89/22](#)
- Sak til styringsgruppen, [Budsjettinnspill for lektorsenteret 2023](#).

Bakgrunn

Lektorsenteret er i mandatet gitt ansvar for å «følge ressursbruken i lektorutdanningen og rapportere til styringsgruppen». I styringsgruppens mandat ligger å «vedta budsjett for aktiviteter organisert av lektorsenteret». Styringsgruppen behandlet i august 2022 budsjettinnspill for lektorsenteret 2023 på sirkulasjon.

Frem til nå har styringsgruppen behandlet *budsjett for lektorutdanningen* i juni hvert år. I denne saken har man vedtatt budsjetttrimmer for en del felles arrangement (fagfellesamling, lektorkonferanse, gradsseremoni, fagutvalget (FIL), praksisutvalget, temaseminar og dekking av deler av lønn for leder av programrådet. Det har også vært avsatt en pott til generelle driftsmidler, som har vært brukt til reise- og møtevirksomhet i regi av styringsorganene. Blant de nevnte aktivitetene dekkes noen i spleiselag mellom involverte fakulteter, mens andre dekkes av budsjettildelingen til budsjettposten «Handlingsplan for lektorutdanningen», øremerket i Studieavdelingens budsjett. Dette foreslås videreført i 2023, som vi kommer tilbake til.

Det er verdt å presisere at hoveddelen av økonomien i lektorutdanningen ligger hos fakultetene, i studieplassfinansieringen, resultatmidler og stillingsressurser (faglige og administrative tjenester mot studentene) og inngår i budsjettansvaret hos fakultetene. Dette inngår ikke i budsjettet for Lektorsenteret og lektorutdanningen.

Budsjettildeling for 2023

For 2023 har UiB budsjettet med to hovedposter for kostnader knyttet til lektorsenteret og lektorutdanningen:

- *Lektorsenter og lektorutdanning*
- *Praksis PPU og lektorutdanningen*

I budsjettsaken for 2023 i universitetsstyret omtales tildeligene til lektorutdanningen slik:

Lektorsenteret er budsjettet med 8,2 mill. kroner i 2023. Budsjettet justert med to budsjettposter som er flyttet. Det gjelder to stilinger som er flyttet fra PS-fakultetet med 1,7 mill. kroner og 1 mill. kroner til arrangementet Lærernes dag som er flyttet fra Fellesadministrasjonens ramme. Begge deler er lagt inn på 2022 som teknisk endring (se omtale under basis) og derfor ikke synlig som budsjettendring for 2023.

Tabell 1 under viser tildelingen for 2023.

Tabell 1: Budsjetttildelinger i 2023

Budsjettpost/delprosjekt	Budsjett 2023	Dekker
Lektorsenter og lektorutdanning	8 200 000	Lønnsutgifter, husleie og driftskostnader, fellesarrangement/faglige aktiviteter i lektorutdanningen og driftskostnader for styringsorgan (verv, reiser), driftsmidler Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL).
Praksisbudsjett	8 943 000	Praksisplasser, studentrefusjoner ved praksis, temaseminar
Totalt	17 143 000	

Budsjettposten *Lektorsenter og lektorutdanning* er en sammenslåing av de to postene Lektorsenter og Handlingsplan for lektorutdanning, og i hovetrek en videreføring av tildelingene fra 2022, i tillegg til at budsjett for Lærernes dag er lagt til (1 mill.) og lønnsmidler for de to praksisadministrasjonsstillingene som er flyttet fra Det psykologiske fakultet.

Tildelingen dekker lønnsutgifter og drift av lektorsenteret og skal i tillegg finansiere felles aktiviteter i driften av lektorutdanningen ved UiB, som styringsorganene og lektorsenteret har ansvar for. Herunder kommer møteplasser, rekruttering, redesign, deltakelse i lokale og nasjonale utvalg og konferanser, tilskudd til det overordnede Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL), utvikling av kvaliteten i praksis og partnerskapet med praksisfeltet. Lærernes dag knyttes fra 2024 til Lektorsenteret, men det vil fortsatt være et samarbeid med UiB Videre om dette viktige arrangementet. Hensikten er å knytte dette skolerettede arrangementet tettere til partnerskapsarbeidet overfor skolene i lektorutdanningen (i hovedsak praksis og dekom).

Praksisbudsjettet har blitt flyttet fra Økonomiavdelingen til Lektorsenteret v/Studieavdelingen i 2022, jf styringsgruppe-sak 22/22 i møte 9. mai 2022. Praksisbudsjettet dekker utbetaling til skolene for praksisplasser, studentrefusjoner for transport til praksis og utgifter til temaseminar i lektorutdanningen (del av praksis). Ved økt antall studenter i lektorutdanningen vil man få en økning i kostnadene til praksisplasser. Budsjetttildelingen er satt opp om egen linje i tabell på s. 32 i [Budsjett UiB 2023 Universitetsstyresak 89/22](#).

Aktiviteter i 2023

Drift lektorsenteret

Det settes av lønnsmidler til til sammen sju stillinger ved lektorsenteret, der den ene stillingen (koordinator for dekom) frikjøpes av eksterne midler. I tillegg kommer husleie og generell drift og aktiviteter i regi av lektorsenteret. Her inngår også aktiviteter til oppfølging av matriseorganiseringen, f.eks. møter/seminar i samarbeidet mellom fakultetene og lektorsenteret. Dette kunne også ses på som fellesaktiviteter.

Redesign av lektorutdanningen

Arbeidet med redesign vil i 2023 handle om å utmeisle de konkrete emnene og studieplanene i lektorprogrammene, i tråd med den modellen som styringsorganene bestemmer seg for. Det vil være behov for et omfattende arbeid både faglig og administrativt på alle nivå, bl.a.:

- Tilpasning av emneporteføljer i disiplinfagene
- Tilpasning av emneporteføljer i profesjonsfagene (didaktikk og pedagogikk)
- Ferdigstilling av studieplaner, læringsutbyttebeskrivelser, m.m.
- Avklaringer av innhold og tema i nye praksisordninger og organisering av kampusbaserte praksisdager
- Avklaringer omkring internasjonalisering i det nye studieløpet
- Rutineutvikling rundt timeplanlegging og sikring av kollisjonsmatriser for undervisning og vurdering

Det vil være behov for samlinger og møtevirksomhet i dette arbeidet, og det bør sikres midler til dette arbeidet.

Fellesaktiviteter for lektorutdanningen

Vi foreslår å videreføre de etablerte, faste fellesaktivitetene og møteplassene i lektorutdanningen også i 2023. Dette handler bl.a. om

- årlig fagfellesamling for de eksterne fagfellene i lektorutdanningen
- årlig forskningsdag med fokus på skoleforskning for ansatte og skolerepresentanter
- årlig lektorutdanningskonferansen for ansatte, skolerepresentanter og studentrepresentanter
- avslutningsseremoni for ferdige kandidater i lektorutdanningen (5LU) og Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)

I tillegg ønsker lektorsenteret å etablere / reetablere nye møteplasser og arenaer for samarbeid og erfaringsutveksling og foreslår at det settes av midler til dette:

- koordinatorsamlinger for praksiskoordinatorer ved våre samarbeidsskoler
- lektorlunsjer for ansatte og studenter
- møteplasser i arbeidet med Dekomp og Kompetanseløftet (dekket av eget budsjett for Dekomp)

Lektorutdanningskonferansen og avslutningsseremoni

Lektorutdanningskonferansen og avslutningsseremonien for lektorstudentene finansieres av fakultetene, etter en fordelingsnøkkel som har vært fast gjennom flere år: HF 30%, MN 30%, PF 30%, SV 10%. Fordelingen, tar utgangspunkt i gjennomsnittlig prosentvis deltakelse på lektorkonferansen fra de ulike fakultetene de siste årene, men vi har foretatt avrundinger som gjør at fordelingsnøkkel kan overføres til andre arrangementer, som for eksempel avslutningsseremonien.

Vi foreslår å gjøre noen endringer her. Lektorutdanningskonferansen er en møteplass for UiBs ansatte i lektorutdanningen, representanter fra skolen, og studentrepresentanter (FIL). Vi foreslår at Lektorsenteret går inn i delingsnøkkel for Lektorutdanningskonferansen fra 2023, se forslag til fordelingsnøkkel under.

Når det gjelder avslutningsseremonien tilsvarer denne gradsseremoniene som arrangeres også for BA- og MA-kandidater ved alle studieprogram ved UiB. Siden avslutningsseremonien er nært knyttet til studieplassene/studentene og studieplassfinansieringen for lektorprogrammene og PPU ligger ved fakultetene, foreslår vi at vi her viderefører dagens fordelingsnøkkel mellom fakultetene.

Avslutningsseremoni er rettet mot kandidater på både 5LU og på PPU. Seremonien koordineres av lektorsenteret, i samarbeid med fakultetene – frem til nå hovedsakling HF, MN og PF - som er programeiere. Utgiftene deles på de involverte fakultetene etter samme fordelingsnøkkel som gitt ovenfor. Etter hvert som SV får avgangsstudenter på sitt lektorprogram, vil det være naturlig å foreta en ny vurdering av fordelingsnøkkelen.

Lektorutdanningskonferanse avholdes på våren som en årlig konferanse for de involverte fagmiljøene i lektorutdanningen, med deltakere også fra skolene. I budsjettet for 2023 foreslår vi at også lektorsenteret inngår i fordelingen av kostnadene for lektorutdanningskonferansen, se forslag til fordelingsnøkkel under.

Forslag til ny fordelingsnøkkel for kostnadene til lektorutdanningskonferansen:

HF:	22 % = 66 000 kr
MN:	22 % = 66 000 kr
SV:	12 % = 36 000 kr
PF:	22 % = 66 000 kr
LS:	22 % = 66 000 kr
SUM:	= 300 000 kr

Etablering av partnerskole- og universitetsskoleavtaler

Lektorsenteret er i gang med å inngå nye partnerskoleavtaler med samarbeidsskoler for praksis. Arbeidet vil følges opp med utvikling av universitetsskoleavtaler i løpet av 2023. Det er en målsetting å øke kontaktflaten mot samarbeidsskolene og koordinatorsamlingene er et tiltak som vil bidra til dette. Vi vil også jobbe for økt deltakelse fra praksisveiledere og praksiskoordinatorer ved allerede etablerte arrangementen som lektorutdanningskonferansen og forskningsdagen. Midler til møtevirksomhet og representasjon vil for øvrig kunne dekkes av avsetninger til *møteplasser og felles driftskostnader*.

Rekruttering

Rekruttering til 5LU og PPU har hatt en post i budsjettet fra styringsgruppen på 200 000 siste to år, som en videreføring fra tidligere år. Dette er en relativt stor avsetning med mindre det foreligger konkrete planer for utvikling eller tiltak. Vi foreslår å redusere avsetningen til rekruttering i 2023, og heller øke denne opp igjen når det foreligger mer konkrete planer for et slikt arbeid. Lektorsenteret vil gå i dialog med fakultetene for å identifisere behov og muligheter for rekrutteringstiltak som disse midlene kan brukes til. Rekrutteringsarbeid for lektorprogrammene og PPU vil som andre studieprogram også være dekket av det ordinære rekrutteringsarbeidet som gjøres i samarbeidet mellom fakultetene og Kommunikasjonsavdelingen og særskilte avsetninger i lektorutdanningens budsjett vil først og fremst være nødvendig når det planlegges særskilte tiltak for denne.

Lærernes dag

Lærernes dag avvikles i januar 2023, koordinert og ledet fra UiB Videre, men i samarbeid med lektorsenteret. Blant annet er budsjettmidlene til arrangementet lagt til Lektorsenterets budsjett som en øremerket avsetning.

Arrangementet finner sted i Grieghallen, med en kombinasjon av fysiske og digitale bidrag, i tillegg til utstillinger. De digitale bidragene gjøres også tilgjengelig for deltakere som ikke deltar fysisk og vil kunne brukes av og ved skoler også etter selve arrangementet. Dette fikk UiB mange gode tilbakemeldinger på i 2022, da arrangementet gikk heldigitalt, bidragene fikk en stor rekkevidde også for deltakere som ikke ville hatt anledning til å reise til selve arrangementet.

Praksiskostnader

Praksisbudsjettet dekker utgifter til praksis i lektorutdanningen, dvs. femårig lektorutdanning (5LU) og Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Kostnadene omfatter utgifter til gjennomføring av praksis i skolene, refusjon av reiseutgifter for studenter og gjennomføring av temaseminar i lektorutdanningen (kampusbasert del av praksis).

Tabell 3: Budsjett for kostnader til praksis i 2023

Praksisbetaling skoler V23	3 800 000
Praksisbetaling skoler H23	4 643 000
Studentrefusjoner	350 000
Temaseminar	150 000
Totalt	8 943 000

Tilskuddsordning for lokal kompetanseutvikling: Dekomp og Kompetanseløftet

Lektorsenteret har ansvar for koordinering av disse to ordningene og en egen koordinatorstilling ved lektorsenteret dekkes av tilskuddsmidler gjennom disse ordningene. Lektorsenteret vil fortsette arbeidet med rutineutvikling for en god modell ved UiB. Et viktig moment er å knytte aktivitetene i disse ordningene til det øvrige samarbeidet med skoleeier og praksisfeltet (skolene).

Budsjett for Dekomp/Kompetanseløftet kan legges frem i egen sak til styringsgruppen.

Budsjett for lektorsenteret og lektorutdanningen 2023

Tabell 4: Budsjettforslag for lektorutdanningen og praksisbudsjett for 2023

	2022	2 023
Årstildeling		8 200 000
Lønn		5 768 840
Drift lektorsenter		
Drift lektorsenteret, ekskl. husleie.	100 000	170 000
Husleie	600 000	630 000

Fellesaktiviteter for lektorutdanningen		950 160
Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL)	35 000	50 000
Avslutningsseremoni	70 000	85 000
Lektorutdanningskonferansen	300 000	300 000
Fagfellesamling	30 000	30 000
Koordinatorsamling		100 000
Redesign		70 000
Reiser, konferanser, seminarer, m.m.		65 160
Rekruttering 5LU og PPU	200 000	100 000
Møteplasser	80 000	100 000
Praksisutvalget	40 000	50 000
Interne transaksjoner		
Refusjon Lektorutdanningskonferansen		- 234 000
Refusjon avslutningsseremoni		- 85 000
Øremerkede avsetninger		
Lærernes dag		1 000 000
Praksis i lektorutdanning og PPU	9 538 000	8 943 000
<i>Praksisbetaling til skoler</i>		<i>8 443 000</i>
<i>Refusjon av reiseutgifter studenter</i>		<i>350 000</i>
<i>Temaseminar</i>		<i>150 000</i>

Forslag til vedtak

Styringsgruppen vedtar foreslått budsjett for lektorsenteret og lektorutdanningen for 2023.